

Fra: frd@fg-e.no
Sendt: fredag 26. mai 2023 11:44
Til: Postmottak Alver
Kopi: Arne Helgesen; 'Harald Nesse'; 'Petter Sivertsen'
Emne: Alver Brygge - Trykkreduksjon

Alver Kommune
Avdeling for VVA
V/ Arna Helgesen

Vi viser til telefonsamtale for snart ein måned sidan, der vi diskuterte trykknivået på dei offentlege vassleidningane inn til sameiget i Alver Brygge. Bakgrunnen var eit vass-sprengt sprinklarrør i ei av topp-leilegheitene i Alver Brygge natt til måndag 22.04.2023, med store følgjeskader på fleire leilegheiter.

Vi har registrert at vasstrykket inn på anlegget i Alver Brygge normalt er svært høgt. Vi har hatt målingar opp til 16 bar, noko som i praksis ikkje skal vera mogeleg ut frå vassøyla som er tilgjengeleg på staden (opplyst av kommunen til maks 13.5 bar). Det er likevel kjent at det kan oppstå sjokk i leidningsnett, som kan gje mykje høgare trykk i kortare periodar enn det vassøyla kan bidra med.

Vi vart også gjort kjende med at trykkreduksjonsventilen som står oppe ved kyrkjelydshuset i Alversund var ute av drift eit døgn tidlegare, pga. eit leidnings-brot på kommunen sine vassleidningar i området. Om dette kan ha medført ei trykkauke og sjokk i nettet, som er høgare enn det Alver Brygge sine leidningar er dimensjonerte til å tola, er sjølvstilt uvisst, men at trykket har vore over testtrykket for sprinkleranlegget ved Alver Brygge er sannsynleg. Skaden kan ha skjedd då, og utvikla seg vidare pga. generelt høgt trykk på staden (ca 10 bar), til røret kollapsa eit døgn seinare.

Dette er sjølvstilt spekulasjonar frå vår og røyrleggjar si side. Vi ventar framleis på testresultat frå laboratoriet, som har fått oppgåva av forsikringsselskapet å undersøkje årsaka til brotet.

Normaltrykket inn på eit bustadanlegg skulle ikkje vore høgare enn 4-6 bar. Våre trykkmålarar viser at trykket normalt ligg rundt 10 bar, men i periodar mykje høgare. Røyrleggjar meiner at målarane har god kvalitet og er til å stola på.

Sprinkleranlegget på Alver Brygge er testa til 15 bar i høve gjeldande testprosedyre. Anlegget i Alver Brygge er no reparert og testa på nytt, men trykket over tid bør ikkje vera høgare enn 6 bar.

På vegne av Alver Brygge Boligsameie ber vi om at kommunen set inn ein trykkreduksjonsventil på vass-avgreininga inn til Alver Brygge. Om ønskjeleg kan den plasserast på inntaksleidningen i Alver Brygge, der det er god plass.

Dette for å redusera trykket som normalt er på anlegget, og at eventuelle framtidige uhell på kommunen sitt vassanlegg, med bortfall av trykkreduksjon og tilfeldige trykksjokk, ikkje skal resultera i nye leidnings-brot i Alver Brygge.

På vegne av Alver Brygge Boligsameie ber vi kommunen ta aksjon på dette snarast.

Med venleg helsing

F.G. Eiendom AS (Alver Brygge)
Frank Rune Dale
Daglig leder

Sagstadvegen 67
5919 Frekhaug
Mobil: +(47) 90 59 81 59
Epost: frd@fg-e.no



Virusfri. www.avast.com